

# ÅRSMELDING FOR FRIBERG KINO 1999

Friberg kino er ein av aktivitetene til Balestrand ungdomslag (BUL).

## Styret i 1999:

Styret har hatt møte 16.02.99.

Leiar og kasserar: Merete Sande, BUL

Nestleiar: Monica Lerheim, BUL

Styremedlemer:

Frå utval for kultur og næring: Marta Kvikne

Frå utval for undervisning og oppvekst: Ragnar Urtegård Thue

Kinosjef Marianne Hoff er sekretær for styret.

## Faste medarbeidarar i 1999:

Marianne Hoff og Merete Sande har delt på kinosjefarbeidet.

Merete har elles vore økonomiansvarleg og maskinist.

Monica Lerheim har hatt hovudansvaret for snopsalet.

I tillegg har ungdomsgruppa vore med i snopsal, som dørvakter og i ryddinga.

Desse er: Arvid, Marit, Astrid og Gunhild Ro, Eva Bieri og Ina Borlaug.

Alle har hatt ansvar for å drive reklame for filmene.

## Representasjon:

Kinosjef Marianne Hoff møtte på årsmøtet til Norske kinosjefers forbund.

Ho har vore leiar av Norsk kinoforbund (NKF) også i 1999 og deltok på NKF sitt årsmøte ilag med Merete Sande og Monica Lerheim.

Marianne har som leiar i NKF vore delegat til Norske kinosjefers forbund (mars) og

Kommunale kinematografers landsforbund (KKL) sitt landsmøte (juni), baa i Oslo.

I samband med prosjektet "Kino år 2000" deltok Marianne og Merete på arbeidsseminar i Oslo 11. og 12.10.99.

Marianne deltok på årsmøtet til Balestrand Bygdahus L/L.

## Deltaking på filmtreff og festivalar

Januar: Marianne og Merete var på Filmfestivalen i Tromsø

Mars: Marianne, Merete & Monica på filmtreff i Oslo

Mai: Merete på filmtreff i Kristiansand

Juni: Merete på filmtreff i Oslo

August: På Filmfestivalen i Haugesund: Merete, Monica og Marianne

Opphaldet var bryllupspresang til Monica for innsatsen på kinoen.

Marianne & Merete deltok på filmtreff i Oslo i november og desember.

Ingen av politikarane deltok i 1999.

Kort vurdering: Deltaking på filmtreff og festivalar er avgjerande for å kunne velje og «selje» film til publikum lokalt. Kontakten med m.a. kollegaer i kinobransjen og filmsjefane i byråa er uvurderleg. Medarbeidarar veljer difor slike arenaer framfor å ta ut godtgjersle.

Film & Kino gir reise- og opphaldsstøtte minus eigenandel for ein frå kvar kino.

Norsk kinoforbund dekker eigenandelen til Marianne grunna kombinasjon med styremøter.

## Aktiviteten til kinoen i 1999:

Friberg har satsa på tre områder i året som gjekk:

### A. FILMTILBODET:

Vi har synt 62 filmar (55 i -98) og hatt tilsaman 95 (85 i -98) framsyningar; dvs. ein auke på 7 filmar og 10 framsyningar.

Tilsaman var 3.414 personar på kino i 1999; noko som gav kr.126.205,- i billettinntekter.

Til samanlikning var tala for 1998: 2.922 personar og kr.113.645,- i billettinntekter.

Dette ga ein oppgang på 492 personar frå 1998 dvs. ein oppgang på vel 14 % og er det beste besøket sidan 1984.

Dei best besøkte filmene	besøk	billettinntekter	
1. FUCKING ÅMÅL	239	9.900	(1)
2. NOTTING HILL	193	8.145	(2)
3. SOFIES VERDEN	120	4.710	(4)
4. MATRIX	115	4.860	(3)
5. AUSTIN POWERS	108	3.375	(11)
6. DEN TYNNE RØDE LINJEN	103	4.455	(5)
7. PRINSEN AV EGYPT		100	3.555 (9)
8. DU HAR MAIL	98	3.375	(11)
9. SHE´S ALL THAT	97	4.095	(6)
10. PIPPI PÅ SJØRØVERØYA	94		
11. MUMIEN	88	3.735	(7)
12. Vandrehistoriar frå Futagarden + From geeks to gangsters	87		
13. OLSENBANDENS SISTE STIKK	85		
14. TRUMAN SHOW	83		
15. STAR WARS, episode 1	78	3.700	(8)
15. ENTRAPMENT	78	3.420	(10)
17. TARZAN	76		
18. SMÅKRYP	74		
19. LIVET ER HERLIG	73		
20. KIRIKOU OG TROLLKVINNA	72		

### NORSKE FILMAR I 1999:

17.02	SCHPAAA	41	1.755
03. + 07.03	OLE ALEKSANDER		
	FILEBOM BOM BOM	64 (+2)	2.100
20. + 24.03	OLSENBANDENS		
	SISTE STIKK	85 (+3)	2.805
28.04	DEI MJUKE HENDENE	23 (+2)	975
06.06	SUFFLØSEN	2	90
29.08	SOFIES VERDEN	120 (+2)	4.710
06.11	VANDREHISTORAR		
	FRÅ FUTAGARDEN	87	1.080
	FROM GEEKS TO GANGSTERS same framsyning		
14.11	MISERY HARBOUR	19	810
	<u>SUM</u>	<u>441</u>	<u>kr. 14.325,-</u>

Tala i parentes viser tal framsyningar for å dokumentere ekstra satsing på norsk film.

Nytt av året:

## **Barne- og ungdomsfilmfestival**

I samband med kommunejubileet ynskte vi eit tilbod for dei yngre i kommunen.

I samband med Den store kinodagen valde vi å nytte ein barne- og ungdomsfilmfestivalpakke som Norsk filminstitutt, Skulefilmutvalet og Film & Kino hadde utarbeidd i fellesskap.

Barne- og ungdomsfilmfestivalen varte frå onsdag 3. til og med søndag 7.nov.

Desse filmene vart vist:

BUSEMANNEN (dansk)

TOMMY OG GAUPA (finsk)

HIMMELENS BARN (iransk)

EVIG DIN (amerikansk)

DEN FØRSTE SNØEN (britisk)

FLUESUPPE (dansk)

KIRIKOU OG TROLLKVINNA (fransk, belgisk, luxemburgsk)

DIGGING TO CHINA (amerikansk)

Frammøtet var særst varierende og ga lita løn for strevet. Totalbesøket var på **455** inkl. 312 på Den store kinodagen og 21 på Austin Powers- filmen om søndagen.

Vi satsa på at skulane og barnehagane ville nytte dette tilbodet og gjere det kjent for foreldra. Positiv respons frå barnehagane og grendaskulane, men særst skuffande oppslutnad frå Sagatun barne- og ungdomsskule.

## **Skulekino:**

Viser til omtalen av tilbodet på barne- og ungdomsfilmfestivalen.

Besøket på skulekino / barnehageframsyning var totalt 106 besøkande

og ga ei billettinntekt på kr. 1.050,-. (Billettinntekta vart så låg grunna halve billettprisar på Den store kinodagen og gratisframsyning av "Busemannen".)

(Tala for 1998 var 287 pers. og ei inntekt på kr. 7.125,-)

Barnehagane og grendaskulane har som nevnt nytta tilbodet vårt.

Det har vore vanskelegare å få til faste opplegg med skulane.

Etter den nye mønsterplanen bør det eigentleg vere sjølsagt med bruk av film i undervisninga.

Dette er eit servicetilbod frå kinoen som vi tykkjer er viktig.

## **Vurdering:**

Satsinga ga ein positiv auke i kinobesøket!

## **B. "DEN STORE KINODAGEN" (DSK) 06.11.1999:**

Samla besøk: **312** Tal framsyningar: **7**

Samla billettinntekter 6.11: **kr. 7.045,-**

### **• Litt om opplegget på dagen:**

Vi hadde "**Tarzanbrøøl- konkurransen**" i Parken kl.12.00 (sjå ref. frå "Firda"). Skapte munter stemning og blest om førpremieren på den nye flotte Tarzan-filmene og opplegget på DSK-dagen! **Før filmen var det sminking og vorspiel med jungeldans** i ein frodig pynta Vetlesal. Vi fekk låne plantar frå Kviknes hotel og Blomstertunet. Med plantane, store klasar med bananar, rytmeinstrument og sminka born vart det bra jungelstemning (sjå ref. Sogns Avis).

Trekning av Tarzan-dar og Tarzansnop på inngangsbillettane pluss premieutdeling til vinnarane i jungelbrøøl-konkurransen, med innlagt seiersbrøøl, i samband med visninga av filmene.

Godt frammøte av born og unge på filmene, men hadde venta litt fleire av foreldregenerasjonen.

\* AUSTIN POWERS – SPIONEN SOM SPERMET MEG var óg rykande fersk!  
Spionen sjøl var tilstades med dress og briller og dåra damene.  
Stor stemning på Austin Powers-partyet etterpå. Omlag 50 ungdomar heldt koken til **kl.01.00.**  
Dugnadsinnsats:  
Kinorekruttane Frank og Amanda (båe 71/2 år) la ned 9 timars stemningsskapande arbeid, Monica og Marit hadde 9 ½ times opningstid i kinokiosken, kafégjengen (Ina, Astrid, Gunnhild og Grethe Olin) jobba på skift, men heldt ut til siste slutt, maskinist og ass. kinosjef Merete vart frislept etter 12 timar i maskinistrommet, medan kinosjef Marianne heldt koken (i 13 1/2t. ) til etter oppryddinga kl.01.30.  
Flott dugnadsinnsats på ein dag vi elles ikkje viser film.

### **KONKLUSJON:**

Det var ein spennande og krevjande kombinasjon å ha rykande ferske spelefilmar krydra med lokale filmprodukt! Denne kombinasjonen ga oss (uforholdsmessig) stor og god dekning i lokalavisene. Vi var særst nøgde med den samla gjennomføringa av eit krevjande opplegg og ikkje minst med den fantastiske responsen frå publikum! Publikumstalet var noko mindre enn vi vona i forkant, på eit så spenstig og aktuelt program, men ei dobling av tidlegare rekord på DSK er flott!!!

### **C. VIDEOKURS OG KONKURRANSE**

10 ungdomar deltok på dokumentarfilm-kurs med Johnny Flaten, Fjordfilm A/S i september-oktober i Vetlesalen. Svein Johannessen og Marianne Hoff var med som assistentar.  
Merete Sande sørger for mat og drikke.  
Kurset resulterte i to videofilmar ”Vandrehistoriar frå Futagarden” og ”From geeks to gangsters” som båe hadde verdspremiere på Den store kinodagen og la noko av grunnlaget for at Friberg kino fekk pris som beste kino i klassen liten kino etter DSK.  
Det vart lagt ned mykje arbeid i tida mai til november for å få gjennomført kurset og investert i redigeringsutstyr. Dette med tanke på oppbygging av eit lokalt videoverkstad i tilknytning til kinoen / Bygdahuset. Sjå vedlagte rapport til Film & Kino.

### **PR-arbeidet:**

Viktigaste opplysningsreiskapen vår er framleis foldaren som går til alle husstandar 4 gonger i året. (Gjennom annonser i foldaren har vi fått dekkja trykkeutgiftene.)  
I tillegg til oppslagstavla på Holmatunet og oppslag rundt om på viktige bygningar/treffplassar, har vi nytta Firda avis sitt ”Oppslag” og ikkje minst annonser i Sogn Avis etter spesialavtale!  
Vi har gratis annonser hjå dei og dei har gratis annonse på kinoen.  
Dessutan har vi nytta «munn-til-munn»-metoden; antakeleg til det kjedsommelege for våre medmennesker...  
Oppslag i avisene:  
\* Sogns Avis og Firda har hatt oppslag i samband med nytt program, Kinoens dag eller spesielle filmar. Merete vart portrettert i ”På sognavis” i forkant av DSK.  
Firda hadde eit tosidars oppslag i fargar frå videokurset og tosidars portrett av kinosjef Marianne etter at kinoen vart best i C-klassen frå DSK.

### **Økonomi:**

Økonomien er framleis basert på stor dugnadsinnsats og tilskot frå Balestrand kommune (kr.30.000,-) for å halde seg flytande.

Som rekneskapen syner vart det eit underskot i 1999.

Norsk kinoforbund legg styremøta til filmtreff og dekker eigenandelen for styremedlemene sine. Dette gir mindre utlegg på kinoen.

Kinoen nyttar seg av tilskot til kvalitetsfilm og har fått eige tilskot til Kinoens dag jfr. nærare detaljar i rekneskapen.

Videokurset med tilskot og utgifter kjem delvis på rekneskapen for 1999 og i år 2000.

Takk til Balestrand kommune og Film & Kino (50.000kr.) for støtte til videokurset!

### **Arbeidet vidare:**

\*\*\* Mål: Å oppretthalde eigen kino i Balestrand.

Friberg kino vert sjølsagt påverka av sentrale vedtak. Så lenge Filmleigeavtalen fungerer kan vi til ei viss grad ha formeiningar om framtida for kinoen. Samstundes veit vi at så små kinoar som vår er nedleggingstrua om ein legg rasjonelle føringar til grunn.

KKL sette ned ei referansegruppe med tanke på å utvikle ulike samarbeidsmodellar for at kinostrukturen i Noreg skulle overleve også inn i år 2000. Marianne har delteke i referansegruppa for Norsk kinoforbund. Indre Sogn er ein av regionane som har prøvd ut samarbeid. Marianne har representert kinoen på drøftingsmøte i Sogndal, medan Merete har stått for oppfylgjinga lokalt. Vi som driv kinoen meiner at det er viktig å samarbeide med nabokinoane t.d. kring kvalitetsfilmar, marknadsføring og kursing av medarbeidarar. Vi meiner det framleis er viktig for eit lokalsamfunn som Balestrand å ha ein eigen kino i bygda - der profilen og drifta vert styrt lokalt.

### **Framlegg: Viktige oppgåver for å nå målet:**

\* Opprusting av Bygdahuset

for å halde på publikum - og helst få fleire vaksne på kino.

1.prioritet: Nytt lerrett i framkant av scenen og dermed kunne flytte høgtalarane fram og såleis få både betre lyd og bilete

2.prioritet: Få frigjort rom til videoverkstad

3. prioritet: Nye surround-høgtalarar

4.prioritet: Oppussing av storsalen

\* Oppretthalde og styrke kontakten med lokalavisene.

\* Styrke økonomien gjennom

a) tiltak for å auke besøkstalet t.d. satse på sal av firma-billetter

b) auka satsing på kinoreklame (slides) frå det lokale næringsliv

c) oppretthalde kommunalt tilskot til kinoen.

\* Førebu 50 års jubileum for kinoen..

\* Vidare satsing på samarbeid med barnehagar og skular både kring framsyningar og prosjekt t.d. for å få fram stoff om saga til Friberg kino.

April 2000 M.Hoff